

Føresegner reguleringsplan for Solvorn kyrkje

Plan-ID 1426-2016001

Dato for siste revisjon av føresegnene: 18.05.2020

§ 1 Avgrensing av planen

Det regulerte området er synt med reguleringsgrense på plankart datert 18.05.2020 i målestokk 1:1000. Det regulerte området er på ca. 6 daa. Føresegnene gjeld innanfor planavgrensinga og er juridisk bindande.

§ 2 Formålet med planen

Formålet med planen er å få ei universelt utforma tilkomst til Solvorn kyrkje og etablere ny parkeringsplass som vil gi auka kapasitet for parkering både for brukarar av kyrkja og tilreisande til Solvorn. Formålet er i samsvar med gjeldande kommuneplan – arealdelen.

§ 3 Reguleringsføremål

Området er regulert til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5 nr. 1)

- Forsamlingslokale/Kyrkje
- Gravlund
- Øvrige kommunaltekniske anlegg

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5 nr. 2)

- Køyreveg
- Parkering
- Fortau

Grøntstruktur (PBL § 12-5 nr. 3)

- Park

Omsynssone (PBL § 12-6)

- Bandlegging etter lov om kulturminner
- Faresone – fare for skred – 1/5000 års skred
- Sikringsone - frisikt (H140_1 og H140_2)

§ 4 Fellesføresegner for heile planområdet

4.1 Utforming og bruk av areal, bygg og anlegg (pbl § 12-7 nr. 1, 2 og 4)

Saman med byggjesøknad for parkering med tilhøyrande anlegg skal det utarbeidast detaljplan for korleis terreng og vegetasjon rundt ny parkeringsplass skal utformast for å få løysingar som både er funksjonelle og estetisk gode. I tillegg skal løysing for krav i pkt 6.5 – 6.8 visast. Det skal utarbeidast plan for vedlikehald av området, jfr. Kommunal planstrategi for grøntanlegg.

Alle nye kabelanlegg skal leggjast i bakken.

Alle tiltak innanfor planområdet skal tilpassast og harmonera med kyrkjebygget. Kommunen skal passe på at alle bygg, murar og andre konstruksjonar innanfor planområdet får ein god og heilheitleg form. Det skal leggjast vekt på god kvalitet i materialbruk, utforming, detaljer og vedlikehald.

4.2 Automatisk freda kulturminne

Mellomalderkyrkjestaden som omkrinsar kyrkja er automatisk freda id. 85525. Det er forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne med mindre Riksantikvaren har gjeve løyve til det jf. kulturminnelova § 3 og 8 med føreskrifter. Forbodet gjeld og sikringssona (kml. § 6) som omsluttar lokalitetsflata, med ein minste utstrekning på 5 meter.

Dersom ein ved anleggsarbeidet kjem over automatisk freda kulturminne skal arbeidet straks stansast og kulturavdelinga i Vestland Fylkeskommune skal varslast, jf. Kulturminnelova § 8.2. ledd.

4.3 Universell utforming

Prinsippa for universell utforming og tilgjenge for alle skal leggjast vekt på i samband med utforming av felles uteareal og bygg som er opne for ålmenta. Frå øvste del av parkeringsplassen er det er 2 HC plassar og det skal vera universelt tilgjenge frå desse til kyrkje og til toalett.

§ 5 Bygningar og anlegg (PBL § 12-5 nr. 1)

5.1 Innanfor formålet forsamlingslokale for religionsutøvelse og gravlund kan ein føre opp bygg som er knytta til religionsutøvelse og gravlund. Tilbygg/påbygg/nybygg skal vera underordna og godt tilpassa kyrkjebygget. Arealet er offentlig. Bygningane skal ha saltak, og utvendig kledning skal vere i tre. Byggegrense er 4 meter frå nabogrense.

5.2 Kyrkja

Tiltak som er søknadspliktige etter plan- og bygningslova må ha situasjonsplan som syner at omsynssoner fare og kultur og tilkomst for beredskapsressursar er ivareteke.

All bygging nærare kyrkja enn 60 m og alle endringar på kyrkjebygget skal godkjennast av biskopen. Kyrkja er listeført som verneverdig og biskopen skal i slike saker innhente fråsegn frå fylkeskommunen. All endring av gravplassen, t.d. flytting av mur, skal også godkjennast av Bjørgvin bispedømeråd.

Innanfor området regulert til kyrkje og gravplass skal det etablerast gangvegar der dette er naturleg og etter situasjonsplan.

5.3 Øvrige kommunaltekniske anlegg

Innanfor området kan det stillast opp bossdunkar. Bossdunkane skal ikkje vera permanent oppstilte her med mindre dei vert skjerma. Det kan førast opp eit mindre bygg/skjerming for varig oppstilling av bossdunkar i område. Bygget skal ha ei utforming som er tilpassa kyrkja. Byggegrense er 1 m frå nabogrense.

§ 6 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5 nr. 2)

- 6.1 Alle køyrevegar og parkeringsplassar innanfor planområdet er offentlege vegar. Vegbreidde og kurvatur er vist i reguleringsplankartet.
- 6.2 Eksisterande parkeringsplass, P1, skal kunna nyttast av både Solvorn oppvekstsenter, kyrkja og besøkjande til Solvorn, som før.
- 6.3 Ny parkeringsplass, P2, må prosjekterast og byggjesøkast før etablering. Nærast kyrkja skal det vera to HC-plassar for rørslehemma og plass for bårebil. Det skal vera universelt tilgjenge frå dei to HC-plassane til kyrkja. Plassen må ha fast dekke. Ut over dette er avgrensinga av parkeringsfelt vist på plankartet berre retningsgivande for organisering av plassane og tal plassar.
- 6.4 Fortau skal opparbeidast med breidde 2.5 m og ha fast dekke.
- 6.5 Overflatevatn innanfor området må løysast innanfor område regulert til samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur. Det må dimensjonerast rikeleg når det gjeld overflatevatn frå høgareliggande område som skal førast under ny parkeringsplass og eksisterande veg.
- 6.6 Eksisterande bekk skal gå open fram til den vert lagt i røyr gjennom ny parkeringsplass. Det skal etablerast ein liten oppsamlingsdam egna som drikkeplass for husdyr før bekken vert lagt i røyr under parkeringsplassen.
- 6.7 Skråning frå ny parkeringsplass mot beite i vest skal ikkje vera brattare enn at den kan slåast med moderne utstyr. Skråninga skal tilsåast og skal nyttast som jordbruksareal etter etablering. Det skal setjast opp gjerde mellom parkeringsplass og jordbruksareal.
- 6.8 Eksisterande tre på jordbruksareal vest for ny parkeringsplass skal bevarast så langt som råd.

§ 7 Grøntstruktur (PBL § 12-5 nr. 3)

7.1 Park

I området mellom kyrkje, HC-parkering og mur/vegen til Løteigane skal det etablerast eit lite parkområde med benk der det er utsikt til kyrkja, bygda og fjorden. Her kan også «kunststeinen» frå prosjektet Landskap i Luster plasserast.

§ 8 Omsynssone (PBL §12-6)

8.1 Bandlegging atter lov om kulturminner

Kyrkja er listeført som verneverdig og biskopen skal i slike saker innhente fråsegn frå fylkeskommunen. All bygging nærare kyrkja enn 60 m og alle endringar på kyrkjebygget skal godkjennast av biskopen.

Gravplassen kring kyrkja er automatisk freda og det er forbod mot inngrep med mindre det er gjeve løyve til det frå Riksantikvaren gjennom dispensasjon. All endring av gravplassen, t.d. flytting av mur, skal godkjennast av Bjørgvin bispedømeråd. Dette gjeld òg sikringssona som har ein minste utstrekning på fem meter frå kyrkjegarden sin ytterkant. Omsynet til kulturmiljøet skal vere førande for arealbruken, og for bygge- og anleggstiltak.

Bruksendring av anlegg og inngrep i terreng og vegetasjon utover vanleg skjøtsel er ikkje tillate utan særleg løyve frå kommunen i samråd med fylkeskulturmyndigheita. Tiltak i omsynssona skal utformast og tilpassast med omsyn til terrenget, estetikken i omgjevnaden og kulturmiljøet sin karakter. Støttemurer skal ha ein einskapleg utforming, helst i naturstein.

Lysreklame kan ikkje monterast innanfor omsynssona. Heller ikkje reklameplakatar o.l. som skal hengja i meir enn 3 månader. Tekniske installasjonar, også skilt og reklame, skal ha ein diskret utforming og ha ein plassering, materialbruk og fargeval som harmonerer med omgjevnadane og kulturmiljøet sin karakter.

Ved planting i omsynssona bør det nyttast eldre arter artar som harmonerer med miljøet i omsynssona og som ikkje er dominerande i landskapet med omsyn til form og farge. Ved planting på offentlege uteområde skal det nyttast allergivenlege arter. Det skal ikkje nyttast arter som er svartelista i Artsdatabanken i omsynssona.

8.2 Faresone – ras og skredfare

Skredfaresone viser utbreiinga av eit 5000-års skred (tryggleiksklasse S3), jamfør rapport frå NVE 2015. Ved tiltak i området må skredfaren vurderast for det aktuelle tiltaket.

8.3 Frisikt

Det er regulert frisiktlinjer i kryss mellom vegen til Løteigane og Gamlevegen. Frisiktsone er sett til 4 x 60 m. Innanfor frisiktlinjene skal det være fritt for sikthindringar høgare enn 0,5 meter over vegnivået.